



Nynorsk kultursentrum

Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding



Ivar Aasens teaterkikkert. Foto: Ragnar H. Albertsen, Ivar Aasen-tunet

Innspel til ny kulturmelding 31. oktober 2017

Innhald

Forord	2
1 Språk for modernisering	2
2 Demografi og demokrati i kulturpolitikken	4
3 Det digitale skiftet i skriftkulturane	6
4 Mangfald som tenkemåte og strategi	9
5 Ei utvida språklov for offentleg forvaltning	11
6 Nokre litteraturpolitiske initiativ	13
7 Minnepolitiske perspektiv på norsk kulturpolitikk	16
8 Behov for styrkte offentlege kulturbudsjett	17

Forord

I dette dokumentet legg Nynorsk kultursentrum mest vekt på nynorsk skriftkultur. Fleire tema blir tekne opp under kvart delkapittel. Viktige kjelder for framstillinga er Ottar Grepstad: *Draumen om målet. Tilstandsrapportar om Norge og Noreg* (2012) og *Språkfakta 2015*, og *Språkstatus 2017* frå Språkrådet. Samla gir desse ein dokumentasjon av språk og litteratur i Noreg som få andre land har maken til.

Dokumentet byggjer på drøfting i rådet 27. september 2017, som enda med dette vedtaket: *Rådet i Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på at regjeringa i den nye kulturmeldinga inkluderer nynorske perspektiv på alle relevante område og dermed praktiserer prinsippet nynorsk.* Styret drøfta og konkluderte i møte 3. oktober 2017.

1 Språk for modernisering

Stortinget vedtok i 1885 å jamstille nynorsk og bokmål som offisielle språk i Noreg. Det gjorde Noreg til ein av dei først formelt fleirspråklege statane i verda. Den moderniseringa som har prega Noreg i meir enn hundre år, har vore med og gjort språk til ein av dei viktigaste infrastrukturane i samfunnet. Lover og reglar er vedtekne, og institusjonar og støtteordningar er bygde ut som alle tener til å fremje bruken av norsk, nynorsk og bokmål. Bokmål og nynorsk er blant dei hundre mest vitale skriftspråka i verda.

Prosjektet nynorsk var ein av dei store tankane på 1800-talet, forma av sterke impulsar frå opplysningstida på 1700-talet. Det prosjektet blei sett ut i livet samstundes som den norske samfunnet tok til å bli gjennomorganisert, den folkevalde makta blei avklara, ein sterk stat blei utvikla, og interessemotsetnadene mellom arbeid og kapital blei balanserte og formaliserte. Historia om dette er blitt skriven på fleire måtar.

Både statsvitskap, historie og andre fagmiljø har over tid skrive nye forteljingar om Noreg. Det som først var heroisk nasjonalromantikk, blei etter kvart til nasjonsbygging før nye kapittel om modernisering kom til.

Her blir modernisering forstått som ein prosess som dels erstattar, dels supplerer tradisjonar. Det som har bore oppe slike moderniseringsprosessar, er gjerne økonomisk

utvikling, framsteg, opplysning, fornuft og ideen om det frie mennesket. Ulike fellesordningar har kome i staden for eller i tillegg til etablerte strukturer baserte på familie og arv, institusjonelle system har delvis teke over for uformelle system, og i større eller mindre grad har innbyggerane fått like formelle rettar.

Norsk språk allment blei skriva inn i desse grunnforteljingane, og det forma seg eit mønster der bokmålsskrivande forskarar heldt nynorsk fast i ei nasjonalromantisk forståing. Nynorskskrivande søkte mot andre perspektiv, festa seg ved det sosiale fenomenet skriftkultur og skreiv frå 1990-åra nynorsk jamt oftare inn i forteljingar om modernitet, modernisering og demokratisering. Med større tyngd i skriftene om modernisering blei omgrepet etter kvart historisk prega og ganske marginalt, men det spelte ei viktig rolle i fleire tiår.

I den unge statsvitskapen blei «motkultur» den viktigaste merkelappen for nynorsk skriftkultur, gjerne kopla til ei forteljing om nasjonsbygging. Noreg var gjennom ein fase med nasjonsbygging frå midten av 1800-talet til godt ut på 1900-talet. Institusjonar skulle etablerast, lov- og regelverk formast, velferdsstaten utviklast og ein mest mogleg felles kultur formast.

Før eller seinare går ein stat som regel gjennom ei slik nasjonsbygging. Med nasjonsbygginga følgjer gjerne ideen om den eittspråklege staten. Kvar stat skal ha eitt offisielt språk. Det var norma seinast frå og med den franske revolusjonen i 1789. Praxis har vore annleis. Den klassiske norske språkstriden som tok til i 1850-åra, blei etter kvart eit spørsmål om kva for eit språk som skulle vere språket i nasjonalstaten Noreg. Tanken om det tospråklege eller fleirspråklege samfunnet var fjern både for begge sider i striden. Dette gjekk også ut over forståinga for verdien av urfolksspråket samisk og historiske minoritetsspråk som kvensk.

Utover på 1900-talet tok moderniseringa gradvis over for nasjonsbygginga i Noreg. Med modernisering følgjer gjerne andre normer. Særleg ideen om den eittspråklege staten står då for fall. I Noreg skjedde dette samstundes med at den nye innvandringa tok til i midten av 1960-åra. Kulturelt og språkleg mangfald var ikkje enkelt å integrere i den store forteljinga om nasjonsbygging. Tidlegare hadde dei fleste innvandrare kome frå grannelanda eller andre vesteuropeiske land. No kom det innvandrare med heilt andre

kulturelle referansar. Det norske samfunnet har brukt nokre tiår på å omstille seg til den nye fleirkulturelle situasjonen.

Utover på 2000-talet gjekk tida for ideen om det eittspråklege Noreg ut. Kva skjer når røynslene som fleirspråkleg samfunn frå gammalt av blir kopla til dei språklege røynslene innvandrarane har frå sine land? Desse kjem frå samfunn med mange språk, men sjeldan med så sterke skriftkulturtradisjonar som Noreg har.

2 Demografi og demokrati i kulturpolitikken

Stortinget har aldri handsama noko forslag om å oppheve det språklege jamstillingsvedtaket frå 1885. Oppfølginga av vedtaket har gitt ein språkdelt norsk kultur med to gjensidig forståelege norske språk. Gjennom regelverk, normer og institusjonar er desse skriftspråka solid funderte, men ikkje jamstilte. Likevel er brukssituasjonen for både nynorsk og bokmål prega av stabilitet på mange område.

Av vel 4,2 millionar innbyggjarar over 15 år i 2015 var bokmål førstespråket for 3,6 millionar, nynorsk for om lag 600 000. Fire av ti nynorskbrukarar var i praksis tospråklege ved at dei brukte nynorsk og bokmål om lag like mykje. Nynorsk er eit mindre brukt språk enn bokmål i Noreg, men eit stort skriftspråk i verda. Frå 1965 har Noreg fått innvandrarar frå over 200 land og sjølvstendige regionar. Innvandrarane var i 2015 rekna til om lag 800 000 menneske. Det vil seie at Noreg då hadde fleire innvandrarar enn nynorskbrukarar, sjølv om der var nynorskbrukarar også blant innvandrarane.

Nynorsk blir på dei fleste områda brukt like mykje eller like lite som før, og bruken av nynorsk er meir akseptert. Bruken av nynorsk i 1990-åra var prega av stabilitet og vekst. For det første tiåret på 2000-talet høver oppsummeringa at nynorsk er blitt meir akseptert. Målt i absolutte tal er det mange fleire individuelle nynorskbrukarar i dag enn for 50–60 år sidan. Målt i prosent utgjer individuelle nynorskbrukarar ein lågare del. Det menneskelege grunnlaget for ein vital nynorsk skriftkultur er over nivået for minste kritiske masse, men den relative posisjonen blir svekt.

Noreg er eit språksamfunn med mange språklege skilnader i både skrift og tale. I *Språkfakta 2015* dokumenterte vi at mange nordmenn har akseptert nynorsk, svært mange

meiner dialektane ikkje blir brukte for mykje, men like mange ønsker ikkje fleire varige minoritetsspråk. Dei som tener lite, er meir positive til både nynorsk, dialektar og nye varige minoritetsspråk enn dei som tener mykje. Dei som tener minst og mest er dei som er mest positive til meir engelsk i Noreg.

Det ser ut til at språkpolitikken i framtida bør handle meir om demografi enn om geografi. Busetnadsmønsteret har endra seg sterkt sidan 1990, og dette er i ferd med å flytte mange tyngdepunkt for kulturelle impulsar. Det er stor netto innflytting til Oslo, Akershus, Hordaland og Sør-Trøndelag, det er stor netto innvandring til Oslo, Akershus og Hordaland, og folkeauken i storbyane er sterk. Barnekulla vekslar i storleik, men er for tida mindre enn vanleg.

Sentralisering, urbanisering og samanslåingar har ført til at det bur færre menneske i nynorskkommunane i dag enn i 1930. Busetnads-, nærings- og distriktspolitikk vil i stor grad verke inn på korleis bruken av nynorsk vil utvikle seg.

Tre sannsynlege konsekvensar kan skimtast.

Endringar i busetnadsmønster svekkjer den daglege bruken av nynorsk, medan den demografiske endringa reduserer mengda av nye nynorskbrukarar.

Landsdelen Vestlandet dominerer meir i bruken av nynorsk. Nokre av kjerneområda for nynorsk skriftkultur utgjer det som for tida er vekstregionar

Eldrebølgja gjer at den relative sterke perioden for nynorskbruk som 1970-åra var, kan vege opp for noko av den nedgangen som dei demografiske endringane blant barn og unge utgjer. Der vil bli større språklege skilnader mellom generasjonane.

Språkrettar gjeld enkeltmenneska, men handlar vel så mykje om det samfunnet som den enkelte språkbrukaren høyrer til i. Emnet språkrettar aktualiserer velferdsteori og utløyser spørsmålet om der kan vere ein samanheng mellom språk og velferd. Fråvær av språkleg undertrykking gir språkbrukarane ein romslegare og tryggare kvardag. Dei som meistrar minst eit av dei to norske språka, blir betre sosialt og kulturelt integrert enn dei som ikkje gjer det.

Noreg er ein nasjon med mange sentrum. Nynorsk kultursentrum er likevel ein av få nasjonale kulturinstitusjonar som ligg utanfor hovudstaden. På same måten som statlege arbeidsplassar bør fordelast over heile landet, bør fleire kulturinstitusjonar over heile landet ha nasjonale oppgåver, anten ved at dei sjølve posisjonerer seg slik, eller ved at dei får tildelt

oppgåver frå Stortinget. Som eit mindre brukt språk enn bokmål nasjonalt er nynorsk avhengig av eit eller fleire regionale tyngdepunkt nettopp for å ha legitimitet nasjonalt.

Framlegg om reformer:

- Legge grunnlaget for fleire nasjonale kulturinstitusjonar utanfor Oslo.
- På same måten som regjeringa Bondevik i 2003 gjekk inn for positiv favorisering av nynorskbrukarane, blir det viktig å gjere dette også i det neste tiåret.

3 Det digitale skiftet i skriftkulturane

I *Språkstatus 2017* framhevar Språkrådet digitalisering, medierøynd og arbeidsmarknad som tre kritiske område for norsk språkpolitikk. Auka digitalisering av tenester og ordningar på alle samfunnsområde kan få svært mykje å seie for språk i Noreg. Om det digitale skiftet skriv Språkrådet: «I ei tid der mange av dei offentlege tenestene blir digitale, er det viktig at statlege organ stiller krav til utforminga av dei digitale tenestene slik at systema og tenestene finst på begge målformer» (s. 13).

I 1940-åra rekna språkvitskapen med at der kunne vere iallfall 3000 språk. Då Noreg blei ein oljestat i 1970-åra, hadde ein sikker kunnskap om 5600 språk. I 2017 var om lag 7100 språk ganske sikkert dokumenterte i dagleg bruk.

Nokre få språk er store. 23 ulike språk var i 2015 førstespråket for seks av ti innbyggjarar på jorda. Dei aller fleste språka blei altså brukte av få menneske. Det skil seg mykje kor vitale og sosialt sterke dei ulike språka er. I 2015 rekna amerikanske Summer Institute of Linguistics godt og vel 100 språk som dei mest vitale. Norsk – bokmål og nynorsk – var blant dei språka. Målt mot verdsspråk som engelsk er Noreg eit lite språksamfunn. Målt mot den språklege kvardagen for folk flest i verda, er dei to norske språk blant dei mest levande.

Då digitale medium var nye, rekna ein gjerne med at dette ville bli ei sterk drivkraft for ein endå sterkare verdsdominans for engelsk. Slik gjekk det ikkje. Digitale scener og format er blitt viktige for både verdsspråk som kinesisk og spansk, og for brukarar av eit mangfald av språk. Her gjer to faktorar seg gjeldande. Gjennom digitale medium blir gamle og nye skrifter på mange fleire språk tilgjengelege for mange fleire enn før. I digitale

medium har det mykje å seie kva språk som blir brukte i den daglege kommunikasjonen. I Noreg dominerer det mest brukte språket bokmål minst like mykje i digitale format som i andre delar av den språkdelt norske skriftkulturen.

På den eine sida er Internett i allmenn bruk. På den andre sida er Internett i historisk perspektiv eit ungt medium. Fleire trekk ved tidlegare tiders endringar i bruk av skrift har vist seg på nytt. Der ytringsfridom blei etablert, prøvde dei nye språkbrukarane seg fram i form og innhald. Denne meir uformelle skrivinga kunne også finnast att i brev og dagbøker. Langt frå alle var trygge på rettskriving og sjanger.

Kor mykje folk flest har skrive i tidlegare tider, veit ingen. Mangt er teke vare på, mykje har gått tapt, og berre ein del av det heile har vore studert. Skrivning i sosiale medium har noko av dei same trekka – det blir meir privatskrift enn formell skrift. Å jamføre desse tekstane med det ein kjenner av meir eller mindre formelle tekstar frå tidlegare tider, gir lite meining. Derfor er også den historiske utviklinga vanskeleg å skildre.

Jamt meir personleg skriving både privat og offentleg er eit av dei mest dominerande trekka ved den digitale skriftkulturen som blei forma utover på 2000-talet. Denne digitale kvardagen er også prega av døgnskrift. I sosiale medium blir det skrive nær sagt døgnet rundt. Nordmenn fødte etter 2000 er den første generasjonen som i prinsippet skriv kvar dag, frivillig. Av slikt kan det bli både språkskifte og språkstabilitet, men først og fremst kan det gi språkbrukarar som blir jamt tryggare på si eiga skriving. Når dette blir kombinert med ei ganske sofistikert forståing av kva som gjeld i ulike samanhengar, der ein skriv annleis i e-postar enn i sms-ar, blir den allmenne kunnskapen om skriving mykje breiare utvikla enn tilfellet var i 1950 eller i 1900.

Det er og blir ein fordel å meistre meir enn eit språk, og eit av verdsspråka i tillegg til dei to norske. Det engelske problemet kan også kallast det norske problemet fordi fråvær av norsk gir nærvær av engelsk. Internasjonalt er presset frå engelsk ei utfordring for mange statar. Blant dei som har lovfesta krav til bruk av eigne språk i næringsliv, massemedium og undervisning, er Frankrike, Litauen, Latvia og Polen. Slike grep kan skape ein balanse mellom internasjonalisering og eigne kulturtradisjonar.

Som praktisk reiskap vil engelsk framleis vere ein effektiv kommunikasjonsreiskap i internasjonalt samkvem. Samstundes fører både det store EU og oppbygginga av nye økonomiar som Kina og Brasil til at mange fleire språk enn engelsk vil bli brukte i

internasjonal handel. Også næringslivet blir dermed prega av større språkleg mangfald. Det kan innebere at fleire norske bedrifter tek sjansen på å bruke nynorsk. Utover på 2000-talet blei det gradvis meir legitimt å bruke nynorsk i reklame, dels for å skilje seg ut, dels for å formidle visse verdiar. Samstundes heldt ein del verksemdar fram med å vere tospråklege ved at dei brukte nynorsk lokalt og bokmål nasjonalt. Slike språkvanar kan bli utfordra.

For ein nynorsk digital skriftkultur var truleg NRK.no, lokalavisene og offentleg forvaltning dei tre viktigaste aktørane med tanke på autoritet og legitimitet. I det daglege var det om å gjere at flest mogleg brukte nynorsk. Derfor la nynorskmiljøet alt før tusenårsskiftet stor vekt på å utvikle skjermmiljø for begge dei to norske språka. I 2017 låg både Windows, allmenne program frå Microsoft, nettlesarar som Opera og sosiale medium Facebook føre i oppdaterte nynorskversjonar, men synonyme parallellsøk var enno ikkje etablert som ein sjølvskriven funksjon.

Det digitale skiftet tok til for lenge sidan og har gjort det å skrive til ein vane for mange fleire enn før. Denne opne, demokratiske sida ved digitale tenester er sosial- og kulturpolitisk verdfull. Behovet for sortering og redigering av røynda er samstundes blitt endå større. For eit mindre brukt språk som nynorsk er det viktig at nynorskbrukarane og andre som vil lese eller skrive nynorsk, får godt og påliteleg stoff på nynorsk som er kvalitetssikra språkleg og tverrfagleg. Sjølvstendige digitale publikasjonar som Framtida.no og nettleksikonet Allkunne.no har derfor særleg mykje å seie for ein digital nynorsk skriftkultur.

Framlegg til reformer og tiltak:

- Lovfeste krav til bruk av bokmål eller nynorsk i kontraktar og kravspesifikasjonar
- Bruke marknadsmakta ved offentlege innkjøp til å sikre digitale tenester på både bokmål og nynorsk
- Utvikle system for parallellsøk i alle publikumsretta, digitale tenester
- Gjere både bokmål og nynorsk synlege som menypråk på alle offentlege nettstader

4 Mangfald som tenkemåte og strategi

Mangfald er ein måte å tenkje på. Ein kan ikkje velje vekk dei delane ein ikkje vil ha, ta vare på resten og utrope seg som varm tilhengjar av mangfald. Språklege skilnader som ikkje skriv seg frå sosial ulikskap, underkulturell eller diskriminering, blir då eit gode.

Dei siste tjue åra hard et kome fleire internasjonale erklæringar og tilrådingar om språkleg mangfald. Den europeiske pakta om regionsspråk og mindre brukte språk frå 1992 var i 2017 ratifisert av 24 medlemsland I Europarådet, Barcelona-erklæringa frå 1996 og Genova-erklæringa frå PEN International i 2011 har ingen slik offisiell status, men er likevel viktige haldepunkt. Svært viktig er også «Conclusions and Future Perspectives» frå Language Rich Europe i 2013. Det nettverkprosjektet involverte 1200 deltakarar i 24 land og blei gjennomført av British Council og universitetet i Tilburg med støtte frå EU.

Ein kulturpolitikk for språkleg mangfald bør inkludere det nordiske perspektivet. Dei nordiske landa deler ein felles samfunnsmodell som formar ein prinsipiell fellesskap. Både den digitale røynda og andre faktorar aukar sjansane for meir språkleg fellesskap, men utfordrar også denne tradisjonen. At allmennkringkastarane i Skandinavia sender mange ikkje-døbba program, særleg for barn og unge som har lært å lese, bør utformast som eit prinsipp innanfor rammene av Nordisk råd.

Vi legg til grunn at kulturelt mangfald inkluderer det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet, og at bokmål og nynorsk er to norske språk. Samstundes legg vi vekt på å arbeide for kulturell og språkleg integrering i kvardagen av innvandrarar og flyktningar.

I Noreg budde i 2015 folk frå over 200 land, og grunnskulen hadde frå og med 2001 hatt elevar med godt over 200 ulike morsmål. Forståinga for verdien av denne språklege og kulturelle tilveksten har auka med åra.

Noreg er eit fleirspråkleg samfunn med ein språkdelt norsk kulturtradisjon. Denne samla språklege og kulturelle variasjonen gir gode føresetnader for å møte dei utfordringane det fleirkulturelle samfunnet representerer. I staden blir det samla mangfaldet sett på spel. Når folkevalde og forvaltning skal fremje interkulturelle møte mellom det norske og det innvandra, framstiller dei nesten alltid det kulturelle mangfaldet som noko som oppstår i møte mellom det norske og det ikkje-norske. Det kulturelle mangfaldet som så sterkt har prega det tradisjonelle norske samfunnet med sine sosiale og kulturelle variasjonar,

skilnader og motsetnader, blir då alltid einsfarga og eindimensjonalt. Det er som om ein må få det norske til å verke einsformig for at ein skal sjå verdien av det innvandra. Då risikerer ein også å gjere det særmerkt nynorske uformeleg og umerkeleg.

Etniske nordmenn med bokmål som førstespråk greier i liten grad å handtere både det norske og det utvida språkleg mangfaldet i Noreg. Det norske mangfaldet handlar om forholdet mellom dei to norske språka bokmål og nynorsk. Det utvida mangfaldet handlar om dei to norske språka saman med dei tre samiske språka, historiske minoritetsspråk og dei mange innvandra språka. For mange er det første blitt underordna det andre. Med aukande språkleg mangfald utanfrå har presset auka mot ein eintydig definisjon av kva som er det norske språket.

Språkinteresser har fremja konflikhtar, og konflikhtar har utløyst språkstrid. Der etnisitet og identitet har stått på spel, har mange mista språket sitt. Kulturelle konflikhtar skil seg frå mange andre konflikhtar, og fram til 2000-talet var det ei ganske gjengs oppfatning i konfliktforskinga at slike konflikhtar er mindre intense og lettare å løyse.

I Noreg har der vore to språkstridar. Dei tok til på om lag same tid og enda ulikt. Den eine gjaldt fornorskingspolitikken overfor samane og kvenane frå 1850-åra til 1960-åra. Den andre var striden mellom dansk-norsk og landsmål, seinare mellom bokmål og nynorsk, frå 1850-åra. Denne striden er ikkje avslutta, men har gått over i andre former. Fornorskingspolitikken medførte valdsbruk frå styresmaktene, medan striden om det norske tidleg blei kanalisert inn i regulerte, ikkje-valdelege former.

Desse to konfliktane gav nordmenn erfaring med at kulturelle konflikhtar kan løysast utan bruk av vald. Lærdommen var at vald ikkje løyste konfliktane, men forsterka dei. I tida framover kan den røynsla ha stor verdi for mange samfunn og statar. Nynorsk kultursentrum er på veg inn i eit forskingsprosjekt om dette emnet som vil ende i ei bok hausten 2019 med døme frå mange land over fleire hundreår.

Den språklege variasjonen i Noreg er stor. Der er mange språksamfunn med stor variasjon av dialektar, men få samfunn der dialektane har fått så høg sosial status som i Noreg. Det typiske er at norske språkbrukarar er i skiftande fleirtal og mindretal, alt etter kvar dei til skiftande tider bur og arbeider. Bokmål er mest brukt over heile landet, men nynorskbrukarane er framleis mange på Vestlandet, i indre strøk på Sørlandet og i dalføra aust og vest på Austlandet. I tillegg kjem urfolksspråk, historiske minoritetsspråk og nye

innvandra språk. Kva rettar ulike mindretal oppnår, er avhengig av kva plikter fleirtalet er villig til å ta innover seg. Det er berre mindretal og minoritetar som kan lære fleirtalet kulturell og språkleg toleranse.

Det har lenge vore lovfesta at ikkje-etniske nordmenn kan søke om opplæring i berre eitt norsk språk. No har det ført til at minst 500 000 nordmenn ikkje har hatt opplæring i nynorsk. Dette deler språkbrukarane i fire grupper: nynorskbrukarar som jamt over meistrar også bokmål, eit mindretal av bokmålsbrukarar som meistrar nynorsk, eit fleirtal av bokmålsbrukarar som ikkje meistrar nynorsk, nordmenn med bokmål som andrespråk utan opplæring i nynorsk.

Etnisk norske som bruker nynorsk, er avhengig av at bokmål blir verande eit mykje brukt språk. Samstundes må innvandra nordmenn få reelle språkmøte med nynorsk, ikkje berre bokmål, og like reelle høve til å lære nynorsk og bli kjende med litteratur på nynorsk.

Framlegg om reformer og tiltak:

- Utvikle eit internasjonalt program som involverer kulturinstitusjonar i mist tre land for dialog om røynsler med å løyse kulturelle konfliktrar utan vald
- Noreg tek initiativ til ei drøfting i Nordisk råd om retningslinjer for allmennkringkastarane om teksta tv-program i staden for døbbing

5 Ei utvida språklov for offentleg forvaltning

Med si lange historie frå 1930 er den norske lova om målbruk i offentleg teneste eit internasjonalt føredøme for språkleg jamstilling. Den mållova som blei fremja for å skape eit eittspråkleg samfunn, har i over 70 år vore ein nødvendig føresetnad for å forme grunnlaget for ein språkdelt norsk kultur. Lova er viktigare enn nokon gong fordi offentleg sektor er større enn før, og fordi lova har vist seg å vere føremålstenleg.

Likevel held ikkje lova lenger mål ut frå dei hovudlinjene som Stortinget har sett for ein samla tospråkspolitikk som gjennomsyrrer både offentleg forvaltning og anna regulering av samfunnet. For å bevare og styrkje den tospråklege situasjonen må lova utvidast på det statlege området og forplikte kommunane på det regionale nivået.

Særleg tydeleg blir dette når ein undersøker kommunale og interkommunale føretak. Desse følgjer ofte ein annan praksis en den enkeltkommunane har fastsett. Dels er dette eit varsel om kva som kan skje når kommunar slår seg saman og ein ikkje passar på slike spørsmål, dels viser dei interkommunale føretaka at større kommunar kan vere ein fordel. Dette argumentet har då også vore mykje brukt av dei som ønskjer mange kommunesamanslåingar.

Då Stortinget i 2009 slutta seg til hovudpunkta i *St.meld nr. 35 (2008–2008) Mål og meining*, blei prinsippet nynorsk offisiell politikk. Det inneber at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast der norsk språk blir tematisert, og at det må grunngivast viss ein meiner det ikkje er relevant. Prinsippet nynorsk er enno på langt nær implementert og integrert i politikk og forvaltning.

Storingsvedtaka om kommune- og regionreform i juni 2017 er ei av dei største reformene i offentleg forvaltning etter 1965. 19 fylkeskommunar skal bli ti, 428 kommunar skal bli 354 frå 2020. Av dei er om lag 88 nynorskkommunar.

På papiret har dette lite å seie for styrkeforholdet mellom dei to norske språka. Like sidan en første mållova blei vedteken i 1930, har det vore lovbestemt at norske kommunar bestemmer over staten på eitt einaste punkt: Kva slags språk skal staten bruke overfor kommunane. Kva kommunane gjer sjølve, er det ingen som ser etter, og der er ingen lovfesta krav om at dei skal gjere det sjølve, heller.

Også på andre område er den lokale makta avgjerande i språkpolitikken. Frå og med 1892 har det vore opp til dei lokale skule- eller kommunestyra å avgjere om nynorsk eller bokmål skal vere opplæringspråk i ein skulekrins. Likeins har kyrkjelydane frå same tidspunkt avgjort om liturgispråket skal vere nynorsk eller bokmål. At så sentrale delar av norsk språkpolitikk blir bestemt lokalt, har hatt mykje å seie for det språkengasjementet som framleis pregar Noreg.

Eitt utviklingstrekk som ikkje er nytt, men som no blir tydelegare, er at jamt fleire unge språkbrukarar lever og arbeider i språkblanda miljø. Grunnskulen har på langt nær så mange klassar med berre nynorskelevar i dag som tilfellet var for ein eller to generasjonar sidan. Færre kommunar har no sterkt dominerande nynorskbruk, dvs. minst 90 prosent nynorskelevar i grunnskulen. Det same gjeld for bokmålsklassar. Fire av ti kommunar har nynorskelevar i grunnskulane sine.

Mange av dei samanslåtte kommunane vil utgjere større og ganske trygge nynorskmiljø. Samanslåingane kan innebere større språklege motsetnader i ein del kommunar. No representerer kanskje fire kommunestyre innbyggjarane i eit område. Om tre år gjer eit kommunestyre det same. Eit og same folkevalt organ skal no avgjere det som ulike og sjølvstendige organ avgjorde før. Kommunane sjølve avgjer korleis dette skal handterast, men det er legitimt å etablere lovfesta rammer for kommunane si rolle i den språklege jamstillingspolitikken

Der er gode grunnar for å seie at språk er ein av dei viktigaste infrastrukturane i eit samfunn. For andre slike infrastrukturar, som samferdsle og forsvar, handsamar Stortinget forpliktande langtidsplanar. Dette bør også gjerast for språk, og det bør kombinerast med at Stortinget kvart fjerde år gjer opp status for språkbruk i offentleg teneste. Stortinget har ikkje hatt noka slik drøfting sidan 2009.

Den språklege praksis i offentleg forvaltning har over tid hatt mykje å seie på to måtar. Dels har det styrkt skriftspråka bokmål og nynorsk som vitale skriftkulturar, dels har dette hatt positive ringverknader i privat verksemd. Då bør mest mogleg offentleg verksemd vere regulert av eitt og same lovverk, slik at den nye språklova gjeld også for ein del fristilte statselskap som mållova ikkje gjeld for no. Vi viser her til brev frå Nynorsk kultursentrum 4. februar 2015 med innspel til ei ny språklov.

Framlegg om reformer og tiltak:

- Proposisjon om ei ny, moderne og utvida språklov som inkluderer prinsippet nynorsk, og som også gjeld for alle nivå i offentleg forvaltning
- Legge fram ein språk- og litteraturpolitisk langtidsplan for norsk skriftkultur kvart fjerde år saman med ei statusmelding om språkbruk i offentleg teneste og ei tilsvarande statusmelding om press frå engelsk på ulike samfunnsområde

6 Nokre litteraturpolitiske initiativ

Litteratur, både skjønnlitteratur og sakprosa, er ein hjørnestein i alle skriftkulturar. Dette gjeld også den språkdelte norske kulturen. Med to gjensidig forståelege språk gir dette ein kunstnarleg og fagleg rikdom som gir publikum meir å velje i. Langs det språklege skiljet går

også nokre skiljelinjer i oppbygging og forståing. Historiene om utviklinga av bokmåls- og nynorskpressa har sine fellestrekk, men også ulike vendepunkt, tyngdepunkt og funksjonar. Det same ser ut til å gjelde historiene om skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk. Ved å forstå meir av desse skilnadene blir det også mogleg å forstå meir av det som utgjer ein litterær fellesskap.

Den norske samtidslitteraturen er vital på det skjønnlitterære feltet både for barn og vaksne. Lyrikk er ein grunntekst i både munnlege og skriftlege kulturar, og publikumsnære formidlingsformer av typen festivalar og kulturhus dei siste tiåra har auka publikumsgrunnlaget, men salet av lyrikkbøker er framleis lågt. Sakprosaen er i større grad enn skjønnlitteraturen marknadsstyrt, og utvida støtteordningar for sakprosa på 2000-talet har vore med og sikra den litterære kvalitetsprosaen. I fiksjonsprosaen er der færre av dei populære forteljingane på nynorsk enn på bokmål.

Bokutgiving i Noreg var lenge prega av 90 prosent bokmål og sju prosent nynorsk, resten stort sett engelsk. Den tida er forbi. I 2014 gav norske forleggarar ut 1600 titlar på engelsk, som utgjorde kvar sjuande registrerte bok. Talet på nynorskbøker var stabilt, og talet på bokmålsbøker auka, men i prosent fall bokmålsbøkene frå 83 prosent på 1970-talet til 73 prosent på 2010-talet. Det er ei stor endring.

Skilnadene i prosent er store, men blir endå tydelegare i absolutte tal. Dei som vil lese bøker på nynorsk har mykje mindre å velje mellom enn dei som vil lese på bokmål. Denne skilnaden i valfridom kan illustrerast med tilbode av barnebøker som lydfiler. I 2017 var der 34 lydfiler på nynorsk og 1350 på bokmål.

Oppslutninga av fastprissystemet og støtteordningane har vore sterkare i bokbransjen enn oppslutninga om pressestøtta i mediebransjen elles. Det digitale skiftet har auka oppslutninga om begge delar. I desse spørsmåla er det også brei semje mellom publisistiske miljø anten dei arbeider mest med bokmåls- eller nynorskskrifter.

I 1960-åra var det viktig å sikre framtida for kvalitetslitteratur med innkjøpsordningane i Norsk kulturråd. På 2020-talet blir det tilsvarande viktig å sikre grunnlaget for kvalitetsjournalistikk. Vinje-fondet for meir og betre journalistikk på nynorsk har vore ein forlaupar for dette. Gjennom små, årlege løyvingar over statsbudsjettet, forvalta av Nynorsk kultursentrum, har denne støtteordninga sett aviser til i stand til å utvikle meir journalistikk på nynorsk, særleg retta mot unge lesarar.

I 2016 blei et arrangert minst 76 språk- og/eller litteraturfestivalar i Noreg. Desse er blitt viktige arenaer for møte mellom forfattarar og publikum og for tematisering av sentrale problemstillingar. Kulturrådet etablerte i 2007 ei eiga støtteordning for litteraturfestivalar. I museumspolitikken har det sidan 2000 vore slik at museum må vere med i større einingar for å kunne drive profesjonelt og kvalifisere til statstilskot. I festivalpolitikken fell slik støtte bort viss ein festival går inn i meir profesjonelle einingar som får driftsmidlar frå staten til andre oppgåver. Programkvalitet, profesjonalitet og oppnådde resultat må avgjere, ikkje eigarskap og organisasjonsform.

Skjønnlitteratur på nynorsk har høg status og er i mange samanhengar heva over motstanden mot nynorsk, medan presset for å skrive sakprosa på bokmål er like sterkt som før. Rekrutteringa av skjønnlitterære forfattarar på nynorsk har aldri vore betre enn det siste tiåret. For sakprosa er derimot rekrutteringa middels innanfor emne der det har vore mange profilerte nynorskforfattarar, som historie, medan biografiforfattarane er fleire. Vilråa for journalistikk på nynorsk er blitt romslegare, men som før er NRK den viktigaste formidlaren av journalistikk på nynorsk, og tilveksten av nye digitale publikasjonar er liten.

For kvar ein språkbrukar er det viktig å møte sitt eige språk i flest mogleg samanhengar. Brukarane av store nasjonalspråk og fleirtalsspråk kan ta den situasjonen for gitt, om ikkje press frå verdsspråk som engelsk trengjer deira eige språk til sides på ulike domene. Dei som er knytte til mindre brukte språk, som nynorsk, ser jamt over mindre til sine eigne språk utanfor formelle og institusjonelle samanhengar. Derfor må desse få flest mogleg høve til å bruke sine eigne språk når som helst og kor som helst. I Noreg har det vore gjennomført mange lesekampanjar der målet har vore å stimulere til lesing generelt. Først i seinare år er det organisert aksjonar for å lese nynorsk litteratur. Språk tek til i barnehøgd, og slike tiltak må derfor utvidast.

Framlegg om reformer:

- Følgje opp Noreg som hovudland på bokmessa i Frankfurt 2019 ved å vere vertskapsland for toårige internasjonale symposium om språk- og litteraturpolitikkenes rolle
- Endre kriteria for støtte til kulturfestivalar slik at programkvalitet, profesjonalitet og oppnådde resultat avgjer uavhengig av eigarskap og organisasjonsform

7 Minnepolitiske perspektiv på norsk kulturpolitikk

Å ta vare på fortida og heidre forgjengarar er ein del av det som gjer eit samfunn til eit samfunn. Gjennom sin minnekultur utviklar samfunn førestilte fellesskapar om samanhengar og identitet. Arkiv, bibliotek og museum har kvar sine roller i utvikling og vedlikehald av det kollektive minnet som gjerne blir kalla nasjonens minne.

Immateriell kulturarv har vore ei felles nasjonal forplikting sidan tidleg på 2000-talet. Talemål og munnleg litteratur er immateriell kulturarv, medan skriftspråk og skriftleg litteratur fell utanfor. Derimot har to manuskript etter Ivar Aasen og notane til Edvard Griegs Vinje-melodiar vore ein del av Den norske dokumentarven like sidan dette registeret blei oppretta i 2012. Dokumentarven går inn i Unescos Verdsminne-program.

Minnekultur og minnepolitikk femner dermed om både materiell og immateriell kulturarv. Minnepolitikk er å bruke hendingar i fortida til å fremje verdiar og interesser i samtida. Musea har lenge arbeidd med sike emne utan å forme nokon overordna minnepolitikk. Den norske staten har gjennom jubileum og markeringar, museum og minnesmerke, ført ein minnepolitikk som aldri har vore drøfta prinsipielt og strategisk. I seinare tid er det utvikla mange studiar både nasjonalt og internasjonalt om offentleg minnepolitikk. Analysar av den norske hundreårsmarkeringa i 2005 og Grunnlovsjubileet i 2014 har avdekt eit behov for tydelege og moderne grep om ein offentleg minnepolitikk. Med støtte frå Kulturrådet avslutta seks litterære museum våren 2018 eit større forskingsprosjekt om museum som minnepolitiske institusjonar der samspelet mellom minnekultur og skriftkultur for første gong er blitt drøfta.

Den språkdelte norske kulturen har prega norsk minnepolitikk. I stor grad har feiringar av nynorske jubileum, særleg for Ivar Aasen og A.O. Vinje, vore drivne fram av nynorsk miljøa sjølve, medan tilsvarande jubileum for bokmålsforfattarar i større grad har bygt på ei allmenn og offisiell tilslutning.

Eit nytt verk frå Jon Fosse er ei storhending langt utover landegrensene. Alt i 2008 la Nynorsk kultursentrum fram ein omfattande forprosjektrapport om Jon Fosse-arkivet. Då var det særleg viktig å dokumentere den internasjonale utbreiinga og bruke denne som ein dørøpnar for andre norske forfattarskapar. No har Jon Fosse vunne ein litterær posisjon som gjer dokumentasjonen av den samla forfattarskapen viktig i seg sjølv.

Den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM er med sine 36 000 medlemmer ein av dei største kulturorganisasjonane i verda. er er ein eigen underkomité for litterære museum. For å styrke si eiga rolle i verdssamfunnet skipa språkmuseum i 2016 International network for language museums etter initiativ frå Nynorsk kultursentrum. Den frivillige innsatsen er på dette området gjerne konsentrert om forfattarselskap som held ved like minna om forfattarar og forfattarskapar.

Framlegg til reformer og tiltak:

- Jon Fosse-arkivet blir etablert med permanent, enkel struktur frå 2021
- Stortingsmelding om offentleg minnepolitikk i Noreg
- Noreg er vertskap for ein internasjonal konferanse for språkmuseum i 2020
- Frå 2021 utviklar Noreg dette vidare til ein internasjonal møteplass for språkmuseum, litterære museum og forfattarselskap
- Gi fleire aktørar enn Nasjonalbiblioteket ei sentral rolle i arbeidet med litterær minnepolitikk og feiringar av forfattarskapar

8 Behov for styrkte offentlege kulturbudsjett

Ein av konklusjonane i utgreiinga frå Enger-utvalet i 2013 var at dei mange ekstra millionane og milliardane inn i kulturlivet ikkje hadde auka kulturforbruket. Det som ikkje blei drøfta i den utgreiinga, var kva langsiktige verknader ei slik økonomisk satsing kunne innebere for kvaliteten i det samla kulturtilbodet. Det beste dømet på at slikt tek tid, er innkjøpsordningane for norsk litteratur. Dei blei innførte frå 1965, og først mange tiår etter er norsk samtidslitteratur på eit nivå i kvalitet og omfang som gjer det mogleg for Noreg å vere hovudland under verdsmessa for bøker i Frankfurt hausten 2019.

I fleire år har spørsmålet vore drøfta kva verknader det har for kulturlivet når løyvingane frå staten aukar. Dette har både ei politisk, økonomisk og administrativ side.

Dei fleste kulturinstitusjonane som får driftstilskot frå staten, er sjølvstendige institusjonar i form av stiftingar eller aksjeselskap. Det er rimeleg at staten stiller krav til pengebruken, men desse krava må ikkje skape uvisse om kven som styrer innhald og profil.

Den moderne norske staten har generelt vore ei romsleg finansieringskjelde, og regjeringa har etter 2013 lagt stor vekt på armlengds avstand generelt og sjølvstendet til kulturinstitusjonane. Regjeringa har forsterka prinsippet om armlengds avstand og lagt stor vekt på at kulturaktørane sjølve prioriterer og har eit sjølvstendig ansvar for å tolke og forme si rolle som samfunnsaktørar.

Den økonomiske sida handlar om stimulans. Staten har i lang tid og må framleis ha det overordna ansvaret for driftsmidlar til kulturlivet. Det er mogleg å tenke seg at jamt aukande løyvingar frå staten kunne fungere passiviserande og føre til at kulturinstitusjonane då gjorde mindre for å supplere med privat prosjektfinansiering. Eit typisk trekk ved kulturinstitusjonar er at dei utviklar mange fleire idear enn dei maktar å finansiere og dermed gjennomføre. Derfor ser institusjonane heile tida etter ulike finansieringsformer. Høge løyvingar frå staten gir ro til å gjennomføre planlagde prosjekt på den måten som best utnyttar dei offentlege midlane, og dei gir armslag nok til at institusjonane får meir tid til å skaffe anna finansiering i tillegg.

Nynorsk kultursentrum si eintydige røynsle er at betre økonomiske rammevilkår set institusjonar i stand til å skape betre kulturtilbod. Dei fleste institusjonane kunne levere ein heilt annan kvalitet i 2017 enn i 1997.

Den administrative sida av saka handlar nettopp om dette. Di meir avhengig drifta blir av prosjektmidlar frå offentlege eller private kjelder, di meir tid må institusjonane bruke til arbeid med finansiering. Det blir ein kulturpolitisk tidstjuv som kan auke behovet for administrative funksjonar og i alle høve vil stele tid frå kulturfagleg arbeid til beste for publikum.

Sidan 2005 har norske offentlege kulturbudsjett auka mykje – særleg den statlege delen, medan europeiske kulturbudsjett jamt over har minka. Europa rundt slit kulturinstitusjonane fordi både offentleg finansiering og støtte frå private instansar har skrumpa inn. I Noreg toler kulturinstitusjonane førebels omstillinga etter oljekrisa fordi det statlege kulturbudsjettet framleis er på eit høgt nivå. Den offentlege kulturøkonomien i Noreg var ein av dei sterkaste i 2007 og var det framleis i 2017. Løyvingane flata ut for dei fleste, og kulturinstitusjonane tilpassa seg den nye røynda. Den viktigaste årsaka til dette var at institusjonane var blitt så mykje sterkare gjennom dei utvida kulturbudsjetta frå 2006 at dei for ei tid kunne manøvrere på ein heilt annan måte enn før.

Offentlege tilskots- og støtteordningar for kulturlivet har lenge vore meir omfattande i Noreg enn i mange andre land. Slik den nordiske modellen er blitt praktisert i Noreg, har dei økonomiske og sosiale skilnadene vore for små til at privat kapital kunne bygge opp mange og svære kulturfond. Nokre av dei største private kulturfonda har fondskapitalen sin frå sal av bøker og blad (Fritt Ord), bank (Sparebankstiftelsen DNB), privatisering av offentleg eigde ressursar (Cultiva).

Kommunane og fylkeskommunane forvaltar ein stor del av offentlege kulturmidlar, og dei lokale ringverknadene av desse midlane er ofte stor. Ein aktiv stat i kulturpolitikken er samstundes ein nødvendig føresetnad for at nasjonale og overordna perspektiv på kulturell verksemd skal få den tyngda som trengst. Samstundes er tida inne for å finne ut om auka privat finansiering av kulturverksemd fungerer desentraliserande eller sentraliserande.

Parallelt med dette har den lokale delen av offentleg kulturforvaltning bygt ned ein god del av sin administrative, kulturfaglege kompetanse. Kulturpolitikken etter 2014 skal dermed formast innanfor spennet mellom ein stat med mykje pengar, ei lokal forvaltning med varierende kompetanse og private kjelder med auka profesjonalitet.

Framlegg til reformer og tiltak:

- Leggje fram ein første nasjonal kulturplan etter mønster av Nasjonal transportplan i 2021.